



FORDELING AV VERDIAR MELLOM BORN/ARVINGAR I EIT ARVERETTSLEG PERSPEKTIV

Advokat Asbjørn Løvik

21. februar 2019

ADVOKAT ANDREAS RØNNEKLEIV • ADVOKAT ASBJØRN LØVIK
• ADVOKAT INGEBORG SUNDE
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING
ELVEGÅRDEN • POSTBOKS 84 • 6801 FØRDE • TLF. 57 82 91 90

E-POST: ar@sunnfjordadvokatane.no • al@sunnfjordadvokatane.no • ib@sunnfjordadvokatane.no • www.sunnfjordadvokatane.no

Ulike omsyn

- Unngå/forebygge konflikter i familien

- Sikre inntekter til garden
 - Fallrettsleie
 - Aksjeutbytte

- Sjølv bestemme/påverke fordeling av eiga formue/formuegjensandar

- Ei «rettferdig» fordeling, men kva er «rettferdig»?

Ulike omgrep

- Livsarving
 - Born
 - Borneborn
- Testamentsarving
 - Arving etter testament
- Livsdisposisjon
 - Disposisjon som vert gjennomført i levande live
- Dødsdisposisjon – krev testament
 - Disposisjon som er meint å verte gjennomført etter gjevar er død, eller som vert gitt på dødsleiet
- Arvefallet
 - Dødsfall til arvelatar, den som gir arv

Ulike omgrep

- Felleseige
 - Verdifordelingsregel mellom ektefellar
 - Nettoformue vert delt mellom ektefellane
- Særeige
 - Verdier som vert halde utanfor skifte av felleseige
 - Verdier som ikkje vert delt mellom ektefellane
 - NB ektepakt
 - Kan i testament bestemme at arv skal vere særeige, også pliktdelsarv
- Sameige
 - Eigarskap saman med nokon annan/andre

Overdraging før arvefallet (livsdisposisjon)

Står i utgangspunktet fritt til å disponere over eigendelar i eineeige

Sal av aksjane til marknadspris

- Skriftleg kjøpekontrakt – klargjere at det er til marknadspris
- Står fritt til å disponere over eigendelar i eineeige
- Unntak
 - Vedtekter
 - Aksjonæravtale
 - Arv/arvepakt/gjensidig testament

Overdraging før arvefallet (livsdisposisjon)

Står i utgangspunktet fritt til å disponere over eigendelar i eineeige

Gåvesal av aksjane

- Skriftleg kjøpekontrakt – klargjere storleiken på gåva
- Gåve eller arveforskot, arvelova §38
- Står fritt til å disponere over eigendelar i eineeige
- Unntak
 - Vedtekter
 - Aksjonæravtale
 - Arv/arvepakt/gjensidig testament
 - Uskifte
 - ❖ Arvelova § 19 – omstøyteleg
 - ❖ «står i vesentleg mishøve»
 - Under 10% av verdiane i buet – aldri omstøyteleg
 - Mellom 10% -30% av verdiane i buet – kan vere omstøyteleg
 - Over 30% av verdiane i buet – alltid omstøyteleg
 - Samtykke

Overdraging før arvefallet (livsdisposisjon)

Står i utgangspunktet fritt til å disponere over eigendelar i eineeige

Gåve/arveforskot

- Skriftleg gåvebrev – klargjere om det er ei gåve eller arveforskot, og dersom arveforskot, storleiken på arveforskotet – kan vere kombinasjon gåve/arveforskot
- Skal det vere i mottakar sitt særeige?
- Står fritt til å disponere over eigendelar i eineeige
- Unntak
 - Vedtekter
 - Aksjonæravtale
 - Arv/arvepakt/gjensidig testament
 - Uskifte
 - ❖ Arvelova § 19 – omstøyteleg
 - ❖ «står i vesentleg mishøve»
 - Under 10% av verdiane i buet – aldri omstøyteleg
 - Mellom 10% -30% av verdiane i buet – kan vere omstøyteleg
 - Over 30% av verdiane i buet – alltid omstøyteleg
 - Samtykke

Samansett skifte

- Først skifte felleseiget mellom ektefellane
- Deretter skifte dødsbuet etter avdøde

Uskifte

Rett for lengstlevande ektefelle til å utsette skiftet av dødsbuet etter førsteavdøde

- Rett til uskifte gjeld felleseiget
- Kan gjelde særeige dersom ektepakt
- Felles born
- Dersom særkullsborn - samtykke

Skifte av uskiftebuet

- Lengstlevande kan når som helst krevje skifte av uskiftebuet
- Deler buet med ein ½-part på kvar, NB ikkje skifte av felleseiget
- Alt av verdiar som kjem inn i uskiftebuet/verdistigning kjem arvingane til gode
- Må skifte ved t.d nytt ekteskap
- Legg føringar på kva ein kan testamentere og kva ein kan gi bort

Uskiftebu

Må vurdere om det er fornuftig å ta uskifte eller skifte buet

- «Små bu» bør skifte med arvingane i staden for uskifte
- Alder, unge etterlatte bør som hovudregel ikkje ta uskifte

Eksempel:

Skifte av buet ved første avdøde sin død

- Nettoformue kr. 1 000 000,- i felleseiget
- Ektefelle sin del kr. 500 000,- av felleseiget
- Arv til ektefelle med kr. 387 500,-
- Arv til borna kr. 112 500,-

Dersom uskifte i staden og skiftar uskiftebuet etter 10 år

- Nettoformue auka til kr. 3 000 000,-
- Deling ½-part 1 500 000,- til ektefelle
- Arv til ektefelle med kr. 387 500,-
- Arv til borna kr. 1 112 500,-

Arv etter arvelova

– Ektefelle

- 1/4 –del av arven, minimum 4XG (pr. tid kr. 387 532,-) v/livsarvingar
- ½-del av arven, minimum 6XG (pr. tid kr. 581 298,-) u/livsarvingar, men avdøde har foreldre eller etterkommar av foreldre
- Elles heile arven, men minimum 6XG (testament)

– Avkom/livsarvingar (barn/barnebarn mv.) arvar resten, så framt ikkje testament (første arvegangsklasse)

– Foreldre (andre arvegangsklasse)

- Søsken
- Nevøar/nieser mv.

– Besteforeldre (tredje arvegangsklasse)

- Onkel/tante
- Søskenborn, arven går ikkje lenger utan testament

– Fordelast til frivillig verksemd for born/unge, evt. slektningar etter søknad

Dødsdisposisjonar

Testament – generelt

Fordele verdiar som er meint å få verknad etter død må skje i form av testament – avvike frå arvegangsreglane

- Skriftleg
- Strenge formkrav
 - Manglande oppfylling av formkrava medfører at testamentet er ugyldig
- To vitner
 - Skal vere tilstades samtidig med testator
 - Myndige og tilfredsstillende krav til mental førlegheit
 - Godtatt av testator
 - Ikkje arvingar/nært forhold til arvingar, sjekk arvelova
 - Skal vite at det er eit testament
 - Skal stadfeste ved underskrift at testamentet er oppretta ved fri vilje
 - Skal stadfeste at testator er mentalt i stand til å opprette testamentet
 - Skal stadfeste underskrifta til testator, ved si underskrift mens testator er tilstades

Bør sendast tingretten for oppbevaring, vil sikre at testamentet vert lagt fram

Testament

Testament bør ha klare formuleringar for å unngå tvil og eventuell seinare tvist om kva som er meint.

- Subjektiv tolkingsregel – kva meinte testator

Testament kan fritt tilbakekallast eller endrast på same måte som oppretting av testament.

Dersom fleire testament

- Er nyare testament presisering/tillegg til eldre testament eller skal eldre testament falle bort

- Felles testament

- Eksempel: at to ektefeller bestemmer at ved lengstlevande sin død så skal aksjane tilfalle Peder Ås

- Gjensidig testament

- Felles testament, der to testatorar bestemmer at dei gjensidig skal arve kvarandre (den som lever lengst)

- Kan endrast, men må varslast den andre testator

- Arvepakt

- Forplikte seg til å ikkje opprette testament eller til ikkje å endre/tilbakekalle testament

Testament

Einsleg utan born

– Står i utgangspunktet fritt, men:

- Tatt arv basert på testament, denne arven kan ein vere forhindra frå å stå fritt til å testamentere
- Aksjar
 - Vedtekter
 - Aksjonæravtalar
 - NB verdien av aksjane kan ein testamentere

Testament

Ektefelle m/felleseige, men ikkje livsarvingar

- Må ta omsyn til skiftet av felleseiget
- Må ta omsyn til minimumsarv til ektefellen

Eksempel:

Nettoformue kr. 2 000 000,- i felleseiget

Ektefellen skal ha kr. 1 000 000,- ved skifte av felleseiget.

Ektefellen har krav på minstearv med kr. 581 000,-.

Kan testamentere kr. 419 000,-.

Kan ikkje gjennom testament fråvike reglane om skifte av felleseige. Kan gjennom testament redusere arv til minimumsarven, NB varsle ektefellen

Testament

Ektefelle m/felleseige og livsarvingar:

- Må ta omsyn til skiftet av felleseiget
- Må ta omsyn til minimumsarv til ektefellen
- Må ta omsyn til pliktdelsarv til livsarvingane
 - 2/3 delar av arven, maksimalt kr. 1 million pr. born si grein
 - NB ny arvelov forslag om å heve maksimumsgrensa til 25XG, dvs. i overkant av kr. 2,4 million pr. born si grein.

Eksempel:

Først når nettoformuen er over 24XG er ein i posisjon til å testamentere til andre

Nettoformue kr. 2 325 192,- i felleseiget

Ektefellen skal ha kr. 1 162 596,- ved skifte av felleseiget.

Ektefellen har krav på minstearv med: kr. 387 532,-.

Pliktdelsarv 2/3 av kr. 1 162 596,- som er-: kr. 775 064,-.

Totalt: kr. 1 162 596,-

Testament

Gjenstandsmessig avgrensning basert på pliktdelsreglane

Eksempel:

Pliktdelsarv samla kr 600 000,-

3 born (livsarvingar) med kr. 200 000,- i arv etter pliktdelsreglane.

Samla verdi aksjepost kr. 250 000,-. Pliktdelsreglane er til hinder for å testamentere samla aksjepost til ein av livsarvingane. Men kan testamentere aksjar til ein verdi av kr. 200 000,- til ein av livsarvingane.

Ny arvelov har forslag om å fjerne denne avgrensinga. Det vil seie at livsarving som får testamentert gjenstand til verdi som går inn i pliktdelsarven til dei andre livsarvingane, må kompensere desse økonomisk.

Oppsummering

- Står vesentleg friare med omsyn til disponering av eigendelar i formuen ved å overføre desse i form av livsdisposisjon
- Felleseige som formueordning i ekteskapet avgrensar rom for testamentariske disposisjonar
- Ektefelle og livsarvingane sine rettar etter arvelova avgrensar rom for testamentariske disposisjonar
- Rett til uskifte kan gi tryggleik økonomisk sett for lengstlevande, men legg føringar for handlingsrom. Val av uskifte bør ikkje skje utan grundig vurdering av konsekvensar
- Generasjonsskifte bør planleggast
 - Handlingsalternativ
 - Konsekvensar
 - Førebygge konflikhtar

Dersom tap av rettsleg handleevne?

Verjemål

- Fylkesmannen oppnemner verjemål
 - Rammer innanfor verjemålsoppnemninga
 - Enkelte disposisjonar krev samtykke frå Fylkesmannen

Legalfullmakt

- Nærstående har i kraft av verjemålslova § 94 rett til å gjere daglegdagse økonomiske disposisjonar
- Avgrensa til bustad og dagleg underhald

Framtidsfullmakt

- Fullmakt som vert oppretta før ein misser rettsleg handleevne
- Fullmakt til ein eller fleire personar til å representere seg i
 - økonomiske forhold
 - personlege forhold
- Krav til korleis fullmakten vert oppretta